



Møteprotokoll for Teknisk utval

Møtedato: 15.11.2022
Møtestad: Frøyset Gardsmat
Møtetid: 15:30 - 18:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Søvik	Sp	Utvalsleiar
Ørjan Daae	Frp	Nestleiar
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Atle Nordland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Arne Hindenes	H	Atle Nordland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Landbrukskonsulent Ottar Myrtveit og Teknisk sjef Roald Kvingedal som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
027/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/2022	Godkjenning av møtebok
029/2022	Delegerte saker
030/2022	Orienteringsak teknisk utval 15.11.2022
031/2022	Søknad om etablering av flytande naust på GBNR 6/68 Risnes

027/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

15.11.2022 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 027/2022 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

028/2022: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

15.11.2022 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 028/2022 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

029/2022: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

15.11.2022 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

TU - 029/2022 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering

030/2022: Orienteringsak teknisk utval 15.11.2022

Rådmannen sitt framlegg:

- 1. Hjortejakt pr 14.11.2022.**
- 2. Jegerkurs 2023.**
- 3. Trafikksikkerhetsplan 2022.**
- 4. Hydrant Histeland**

15.11.2022 TEKNISK UTVAL

Dette vart tatt opp:

1. Hjortejakt pr. 14.11.2022

Landbrukskonsulent Ottar Myrtveit orienterte om hjortejakt pr. 14.11.2022 og det som er meldt inn pr dags dato i hjorteviltregisteret.

2. Jegerkurs 2023

Det vert jegerkurs i løpet av ei helg i februar 2023. Dette vert publisert via heimesida, facebook, intranett og yammer.

3. Trafikktrygghetsplan

Teknisk sjef Roald Kvingedal informerte om utførte, og pågåande prosjekt i gjeldande trafikktryggleiksplan.

4. Hydrant Hosteland

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 030/2022 VEDTAK:

Orienteringssaker vert tekne til orientering.

031/2022: Søknad om etablering av flytande naust på GBNR 6/68 Risnes

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak :

Teknisk Utval syner til plan- og bygningslova § 19-2 og avslår søknad om dispensasjon for oppføring av flytande naust på GBNR 6/68 Risnes.

Grunngjeving: Tiltaket ligg i område satt av til «småbåthamn» . Føremålet er småbåthamn i sjø og tilhøyrande strandsone med naudsynt infrastruktur, parkering, tekniske anlegg og eventuelle servicebygg. Område omfattar ikkje naust. I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan (områdeplan) før tiltak er tillate. Omsøkt tiltak ligg i friluftsområdet Frøysetvågen, som er registrert som viktig friluftsområde. Regional styresmakt har uttalt seg negativ til søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd. Dispensasjon i dette høve kan skape ein uheldig presedensskapande verknad. Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til kommuneplanen sin arealdel med føresegner, samt omsynet til landskap og friluftsliv.

Heimel: Plan- og bygningslova § 19-2 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030

15.11.2022 TEKNISK UTVAL

Saka vart drøfta.

Utvalet hadde oppmøte ved Risneskai kl. 16:00 for synfaring i sak 031/2022 - 22/9018 - Søknad om etablering av flytande naust på GBNR 6/68 Risnes. Søkjar var med på synfaringa og forklarte om tiltaket og søknaden.

Følgjande vedtak vart jobba fram i møte:

Teknisk Utval syner til plan- og bygningslova § 19-2, og avslår søknad om dispensasjon for oppføring av flytande naust på GBNR 6/68 Risnes.

Grunngjeving:

Tiltaket ligg i område satt av til «småbåthamn» . Føremålet er småbåthamn i sjø og tilhøyrande strandsone med naudsynt infrastruktur, parkering, tekniske anlegg og eventuelle servicebygg. Område omfattar ikkje naust. I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan (områdeplan) før tiltak er tillate.

Regional styresmakt har uttalt seg negativ til søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd.

Dispensasjon i dette høve kan skape ein uheldig presedensskapande verknad. Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til kommuneplanen sin arealdel med føresegner, samt omsynet til landskap og friluftsliv. Byggets tilstand i dag, er så dårleg at ein ikkje kan godkjenne naustet slik det ligg i dag.

TU - 031/2022 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Teknisk Utval syner til plan- og bygningslova § 19-2 og avslår søknad om dispensasjon for oppføring av flytande naust på GBNR 6/68 Risnes.

Grunngjeving: Tiltaket ligg i område satt av til «småbåthamn» . Føremålet er småbåthamn i sjø og tilhøyrande strandsone med naudsynt infrastruktur, parkering, tekniske anlegg og eventuelle servicebygg. Område omfattar ikkje naust. I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan (områdeplan) før tiltak er tillate. Omsøkt tiltak ligg i friluftsområdet Frøysetvågen, som er registrert som viktig friluftsområde. Regional styresmakt har uttalt seg negativ til søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd. Dispensasjon i dette høve kan skape ein uheldig presedensskapande verknad. Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til kommuneplanen sin arealdel med føresegner, samt omsynet til landskap og friluftsliv. Byggets tilstand i dag, er så dårleg at ein ikkje kan godkjenne naustet slik det ligg i dag.

Heimel: Plan- og bygningslova § 19-2 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030

Rett utskrift frå møteboka frå Teknisk utval den 15.11.2022 vert vitna:

Stian Sjøvik
leiar

Roald Kvingedal
sekretær